
Fra: Inger Johanne Løeng
Sendt: 11. December 2015 11:00
Til: Jørgen Amdam; Rune Sjurgard
Emne: Vedtak i budsjett 2016 og Torvmyrvegen

Hei,

På vegne av Odd Magne Vinjevoll, sender eg den delen av vedteke budsjett 2016 som omhandlar Torvmyrvegen:

Investering!

Forprosjekt

1. Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Volda Kommune og set av kr. 250.000,- til føremålet.

Mvh

Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær
e-post: inger.johanne.loeng@orsta.kommune.no
Mob. 911 08 618



Ørsta kommune
Ørsta - hjartet av Sunnmørsalpane



Notat frå status- og strategimøte for Torvmyrvegen 7/12-2015 på Ørsta Næringskontor.

Frammøtte: Ordførar Jørgen Amdam, ordførar Stein Åm, Gode Vegar V/Svein Sunde, Mafoss V/Terje Høybakk, Avinor V/Sverre Bae, Volda Næringsforum V/Stefan Halck, Ørsta Næringskontor V/Odd Magne Vinjevoll.

Svein Sunde innleia med ei oppsummering av tidlegare saksgang rundt Torvmyrvegen sidan 2005 og fram til i dag. Det har vore prosjektert og teikna alternativ med påkobling til fjerde arma i rundkøyringa i Furene. Når Volda-tunnelen er bygd blir Torvmyrvegen vidare forlenga mot sør-vest og påkobla ved innkøyriga til serviceområdet i Furene. Det siste alternativet med framføring av Torvmyrvegen over NAF-bana til rundkøyring i Aasen-krysset, vart avvist som alternativ frå vegvesenet da det kom i konflikt med høgderestriksjonar for innflygning til flyplassen, og det vart kravd lysregulering ved avkøyring frå E-39 ved flyavgang/ankomst.

Trafikken ved Hovden er no nærmast 10.000 bilar ådt. Med alle dei store bedriftene i området og med det potensialet for utviding av Hovden industriområdet som det no er lagt til rette for, er det no avgjerande at Torvmyrvegen kjem på plass med ei påkobling i Furene. Dette sikrar beredskapen i området knytt til polititjeneste og flyplass. Det gir ein tryggare og meir effektiv logistikk for både bedrifter, tilsette, kundar, og ikkje minst reisande ved Ørsta/Volda Lufthamn.

Vidare framdrift.

Vi må sørge for at framdrifta vert politisk forankra i 2016 for både Volda og Ørsta, ved at ein no i budsjettahandsaminga set av eit beløp i finansieringsplanen, øyremarka prosjektering Torvmyrvegen.

Det må arbeidast politisk i Ørsta for å få fram sak om reguleringssendring på det området nær grensa til Volda som vart trekt ut av reg.planen i 2011 som gjaldt Torvmyrvegen.

Ordføraren i Ørsta avtalar eit møte i januar 2016 med formann i samferdselsutvalet på Fylket, Kristin Sørheim, og inviterar henne til eit møte i Ørsta/Volda.

Det skal den 16/12-15 vere eit møte mellom Statens Vegvesen og Volda Kommune i sak om Volda tunnel. Her kan ein klargjere midlertidig bruk av fjerdearma i rundkøyringa, då dette er i tråd med løysing som vegvesenet tidlegare har akseptert.

Odd Magne Vinjevoll

Ref

**Vikebygda grenadautval
v/ Siw Rotevatn Vikene
6104 VOLDA**

**Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA**

Volda 13. desember 2015

OFFENTLEG ETTERSYN – BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

Enda ein gong ser vi at administrasjonen ønskjer å utsetje utbetring av Botnavegen. I budsjettframlegget vert nødvendig løyving flytta til 2017.

Framlegg frå Vikebygda grenadautval: (endringa medfører ikkje auke i totalramme pr år for dei to postane)

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Botnavegen	3.500.000	1.500.000		
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	1.500.000	7.000.000	3.300.000	

Grunngjeving:

Vi konstaterer at administrasjonen meiner asfaltering av parkeringsplass på Reset er viktigare sjølv om det i 2013 vart løyvd 4 millionar til dette. Når ein no inkluderer parkeringsplassen i løyvingane for fast dekke i 2016-2019 må vi forstå dette slik at oppgraderinga kostar meir enn 4 millionar som opprinnleg var løyvd.

Etter kva vi har funne ut har korkje Stranda, Skaret i Molde, Ørsta, Stryn, Harpefossen, Hornindal eller Fjellsetra asfalterrert parkeringsplass på sine skisenter. Det er då underleg at dette skal prioriterast så høgt i Volda. Vi ser samtidig at Botnavegen vert nedprioritert igjen, vi tillèt oss difor å setje spørsmål ved om nokon har ein skjult agenda og trenerer utbetringa av Botnavegen.

Med justeringa vil ein kunne starte utbetring av Botnavegen i 2016. Dersom administrasjonen ikkje har lagt inn tilstrekkeleg løyving til Botnavegen kan ein utjamne dette med post for fast dekke i 2017.

**Vikebygda grenadautval
v/ Siw Rotevatn Vikene**